

Saksprotokoll i klagenemnda - 11.02.2021

Avrøysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Klage frå Munken Bistro AS over INV Forvaltning og utgreiing sitt vedtak av 25.06.2020 , leige av offentlig areal til uteservering langs Kaigaten 20, gnr 166 bnr. 667, langs fv. 577, vert teken delvis til følge.

Det vert gjeve løyve til leige av fortausareal ved Kaigaten 20, langs fv. 577 med 1,5 meter ut frå fasaden og 7,5 meter langs fasaden. Det vert og gjeve løyve til eit transportareal utan møblering ved inngongen til Kaigaten 20 med 1, 5 meter frå fasaden og 2 meter langs fasaden. Dette gir eit totalt areal på 14,25 m2, der 11,25 m2 er til uteservering og 3 m2 er til transportareal.

Løyve vert gjeve på **følgjande vilkår:**

Det er forbode å nytte eit større areal til uteservering enn det vegstyresmaktene har fatta vedtak om, jf. Veglova § 57 2. ledd, 2 punkt. Det betyr at fysisk avgrensning av uteserveringa ikkje skal gå over dei grensene fylkeskommunen har vedteke.

Til informasjon vil Vestland fylkeskommune revurdere bruken av areal til uteservering før utleigesesongen 2021. De må difor ta høgde for at det kan bli endringar i utleigeforholdet ved eit seinare tidspunkt.

- All møblering skal plasserast direkte på bygolvet.

- Det kan inngåast ny leigekontrakt mellom Munken Bistro AS og Vestland fylkeskommune om leige av offentlig areal til uteservering.